

Styremøte i V.I.L

Klubbhuset

19.03.2013

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, Ellisiv Valdal Jarvik, Yvonne Dale, Inge Sunde, Trond Håvoll, Kristi Linge Stakkestad, Nelly Ytterli og Karianne Vestre Døving

Sak 1: Konstituering av styret

- Kasserar: Trond Håvoll
- Husansvarleg: Yvonne Dale
- Skrivar: Karianne Vestre Døving

Sak 2: Arbeid på klubbhuset

Søknad om spelemidlar vart ikkje godkjent pga ikkje tilgang for røyrlehemma. Det er krav om tilgang mellom første og andre etasje for rullestolbrukarar (innandørs). Vi får ikkje spelemidlar i år, men kan søkje på nytt neste år. Spørsmålet er om vi skal halde fram med arbeidet og forskotterer kostnaden. Denne saka vart ikkje ferdig behandla.

Sak 3: Diverse aktivitetar i april

- a) Marknad: Det blir marknad 6. april.
 - Elling Heggen med band er i orden.
 - Det skal visast fram fotballdrakter i år som i fjor. Monika Høydal tek seg av det.
 - Det blir premieutdeling.
 - Programleiar er ikkje heilt på plass, men det blir jobba med.
- b) Mangfaldsdag: Idrettslaget stiller med stand og fortel/viser kva vi driv med/kan tilby.
- c) Aktivitetsdag PU: Det blir aktivitetsdag den 20. april. Her skal idrettslaget hjelpe til frå kl 12 til kl 16.

Unni Talgø og Einar Hoel hjelper til. Kanskje kan eit par ungdommar hjelpe til? Ellisiv spør to frå fotballgruppa.

Gevinstar: I fjor gav vi fem gevinstar, og det gjer vi i år også. Det finst truleg fine gevinstar på klubbhuset. Yvonne ordnar med gevinstane.